

Reguleringsplanen for nedre del av Halsabrotet har kome eit steg vidare.

Arealplanleggjar Ingo Bewer har sendt planen attende til konsulenten, som er Byggadministrasjon Harald Bjørndal på Eikelandsosen og særleg visttil naboane sine merknadar.

Bewer ynskjer at Bjørndal tar stilling til merknadane, går i dialog og prøver å samordna privatrettlege tilhøve mellom samtlege grunneigarar.

Så skal konsulenten diskutere vidare framgang med kommunen og sende den reviderte planen pluss eventuelle føresegner attende til dei.